

Referat frå møte nr. 65, 24. april

Dato: 8. mai 2015

Til stades: **Baard-Christian Schem**, Helse Vest RHF, leiar
Alf Henrik Andreassen, Helse Bergen HF (til stade frå sak 11/2015)
Gunnar Mellgren, Helse Bergen HF
Stein Tore Nilsen, Helse Stavanger HF
Marit Solheim, Helse Førde HF
Haldis Økland Lier, Helse Fonna HF
Dag Rune Olsen, Universitetet i Bergen
Robert Bjerknes, Universitetet i Bergen
Kjell Bernstrøm, Universitetet i Bergen (til stade t.o.m sak 12/2015)
Jarle Eid, Universitetet i Bergen (til stade t.o.m sak 12/2015)
Nina Langeland, Universitetet i Bergen
Jan Petter Larsen, Universitetet i Stavanger
Pål Berger, brukarrepresentant
Petter Thornam, observatør, Dei private, ideelle institusjonar
Anne Kari Hersvik Aarstad, observatør, høgskulane i regionen
Tor Hervig (til stade under sak 9/2015)

Forfall: **Mari Nes**, observatør, Noregs forskingsråd

Sekretariatet: **Ernst Omenaas**
Sølvi Lerfald
Ingrid Kalsnes (referent)

Saksnr.	Sak
Sak 9/2015	Presentasjon av den strategiske satsinga innan stamcelleforskning
Orientering	<p>Samarbeidsorganet tildelte midlar til ei regional strategisk satsing innan stamcelleforskning i november 2014. Tor Hervig, ansvarleg for satsinga, presenterte mål og planar for satsinga i 2015 og utover. Det overordna målet med satsinga er å styrke stamcelleforskinga i Helse Vest. For å nå dette målet vil ein tilsetje to nøkkelpersonar med høg kompetanse innan stamcelleforskning, og som kan yte støtte til dei gruppene som forskar på stamceller i regionen. Vidare vil ein legge til rette for regionale møteplassar og samarbeidsarenaer, blant anna i form av seks årlege miniseminar som blir videooverført til Førde, Haugesund og Stavanger. Satsinga er open for deltaking for alle som er interessert. Meir informasjon om satsinga finst på www.bscc.no</p> <p>Samarbeidsorganet tok informasjonen til orientering og takka for presentasjonen.</p>
Sak 10/2015	Godkjenning av saksliste og referat

Vedtakssak	Innkalling til møte 24. april 2015 vart godkjent. Referatet frå møte 19. februar vart godkjent. Det vart i samband med referatet stilt spørsmål kring krav om grunngeving for medlemmer som melder seg inhabile under behandling av saker. Fleire peika på at det vanlegvis er personen sjølv som melder seg inhabil, og at det dermed ikkje er behov for grunngeving. Ingen saker vart meldt til behandling under eventuelt.
Sak 11/2015	Avklaring av mandat for arbeidet med ny forskingsstrategi
Vedtakssak	<p>Arbeidet med ny forskingsstrategi for perioden 2016-2020 byrja hausten 2014, og samarbeidsorganet la opp til tilsvarande prosess som ved utarbeiding av den noverande strategien. Det er nedsett ei arbeidsgruppe med representantar frå Helse Bergen, Helse Stavanger, Helse Fonna, Helse Førde, Universitetet i Stavanger, Universitetet i Bergen, dei private, ideelle institusjonane, samt to brukarrepresentantar. Arbeidet vert leia av fagdirektør i Helse Vest. På bakgrunn av mellom anna diskusjonar om fordelinga av forskingsmidlane i arbeidsgruppa ønska fagdirektøren at saka vart tatt tilbake til samarbeidsorganet for å få ei avklaring av mandatet. På møtet i samarbeidsorganet vart det peika på at arbeidsgruppa si primære oppgåve er å kome med forslag og innspel til visjonar og mål for forskinga i Helse Vest. Med utgangspunkt i det som er oppnådd så langt, bør det skisserast ambisjonar, ønskjer og mål for dei neste 4 åra. Vidare ønskjer samarbeidsorganet at gruppa kjem med forslag til korleis ein kan legge til rette for samarbeid i regionen. Samarbeidsorganet var tydelege på at tiltak og verkemiddel først kan diskuterast når måla er sett.</p> <p>Vedtak:</p> <p><i>Arbeidet til gruppa vil ha tre hovuddelar:</i></p> <ol style="list-style-type: none"> <i>1) Utarbeide forslag til mål og visjonar for ei best mogeleg helseforskning i Helse Vest</i> <i>2) Utarbeide forslag til korleis ein kan legge til rette for styrka samarbeid om forskning i vestlandsregionen</i> <i>3) Utarbeide forslag til virkemiddel inkludert økonomiske</i> <p><i>Arbeidet bør gjennomførast og presenterast i denne rekkefølga</i></p>
Sak 12/2015	Klage på vedtak
Vedtakssak	<p>Saka gjeld klage frå ein søkjar der søknaden ikkje vart sendt til fagleg vurdering pga. formelle feil. Klagesaka vart i tråd med retningslinjene for klageadgang sendt til ein eigen klageinstans for vurdering. Den eksterne klageinstansen finn ikkje grunn til å tilrå omgjering av vedtak av administrativ avvising av søknaden.</p> <p>Frå diskusjonen på møte i samarbeidsorganet vart det peika på at institusjonane må gje støtte og opplæring i å skrive gode søknadar som møter formalkrava i utlysingane. Når det gjeld søknadskategorien postdoktorstipend er samarbeidsorganet samde om at det er viktig å avklare korleis ein ser på dette, og om det skal vere anledning til å søkje dersom ein har starta på ein postdoktorperiode tidlegare.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Det regionale samarbeidsorganet sluttar seg til vurderinga frå den eksterne klageinstansen, som ikkje finn grunn til gjere om på det opphavlege vedtaket.</i>
Sak 13/2015	Nytte i forskning
Diskusjonssak	I oppdragsdokumentet for 2015 har RHF-a fått i oppdrag å utarbeide felles retningslinjer for korleis prosjektsøknadar skal beskrive forventna nytte for pasienten og tenesta, og korleis ny kunnskap kan takast i bruk i tenesta. Nyttevurderinga skal

	<p>likestillast med kvalitetsvurderinga av søknadane. Retningslinjene skal gjelde frå 2016. Oppdraget er diskutert på RHF-a si strategigruppe for forskning, og etter initiativ frå Helse Sør-Øst blei det gitt tilslutning til å arrangere eit seminar der ein mellom anna inviterer internasjonale kapasitetar til å fortelje om deira bruk av nyttevurdering. Seminaret vil kunne gje grunnlag for utarbeiding av felles retningslinjer, men dette vil ikkje kome på plass tidnok til den komande søknadsrunde i Helse Vest.</p> <p>Samarbeidsorganet diskuterte korleis og i kva grad nytteomgrepet skal takast inn i retningslinjene for komande søknadsrunde. Det vart mellom anna peika på at ein god komité kan gjere både nyttevurderinga og kvalitetsvurderinga, samstundes såg fleire av representantane fordelar ved å ha to separate komitear. Med bakgrunn i at det pågår fleire prosessar der nytteomgrepet blir diskutert, konkluderte samarbeidsorganet med at det i årets søknadsrunde blir éin komité som skal vurdere både nytte og kvalitet. Sekretariatet får i oppdrag å leggje fram forslag til kva som skal inngå i nyttevurderinga til junimøtet med utgangspunkt i rettleiingsteksten som var vedlagt saka.</p>
Sak 14/2015	Retningslinjer for brukarmedverknad i forskning
Diskusjonssak	<p>Styret i Helse Vest vedtok i april 2015 retningslinjer for brukarmedverknad i forskning. Retningslinjene er utarbeidd av ei nasjonal arbeidsgruppe bestående av representantar frå alle RHF-a og leia av Helse Nord. Saka vart lagt fram for diskusjon i samarbeidsorganet med bakgrunn i at det må takast stilling til korleis dette skal kome til uttrykk i retningslinjene for årets søknadsrunde.</p> <p>Frå diskusjonen på møte vart mellom anna følgjande moment trekt fram:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Brukarmedverknad vil ikkje vere like relevant i alle typar prosjekt. - Det er aukande krav om brukarmedverknad i fleire fora. Det er viktig at brukarane vert nytta på rett måte og rett stad. - Brukarrepresentanten i samarbeidsorganet peika på fleire ting som det er behov for avklaring av, mellom anna: kva er brukarmedverknad i forskning, korleis skal ein nytte seg av brukarane og kor får ein tak i brukarane. <p>Samarbeidsorganet poengterte at det må byggast kultur for brukarmedverknad i forskning, og at ein i denne omgang ikkje kan ekskludere gode søknadar der brukarmedverknad er fråverande. Samarbeidsorganet ønskjer likevel at det i søknadane vert gjort greie for i kva grad brukarar er involvert i planlegging og gjennomføring av forskingsprosjekta. Informasjonen kan eventuelt nyttast til å gjere kartleggingar og analyser av brukarmedverknad i forskning i Helse Vest. Sekretariatet vil legge dette til grunn ved utarbeidinga av forslag til retningslinjer for årets søknadsrunde som skal leggjast fram på junimøtet.</p>
Sak 15/2015	Habilitetsreglar for samarbeidsorganet
Diskusjonssak	<p>Sekretariatet fekk i førre møte i oppgåve å legge fram forslag til habilitetsreglar for samarbeidsorganets medlemmer med utgangspunkt i Forskingsrådet sine reglar kring habilitet og tillit. Samarbeidsorganet kom med innspel på forslaget og slutta seg til at punktet om kollegainhabilitet som Forskingsrådet nytta utgår, men at ein tar inn ei formulering om at dersom eit medlem sjølv har søkt forskingsmidlar vil vedkommande vere inhabil under behandlinga av saka. Eit endeleg forslag til habilitetsreglar vil leggjast fram for samarbeidsorganet når eigaravdelinga i Helse Vest har gjort ei juridisk vurdering av desse. Det vart peikt på at sekretariatet bør skiljast ut frå Helse Bergen på grunn av formelle habilitetsproblem.</p>
Sak 16/2015	Oppfølging av infrastrukturlista

	<p>Sommaren 2014 vart det utvikla ein søkemotor for lista over forskingsinfrastruktur- og utstyr i regionen. Søkemotoren er tilgjengelig på nettsida http://www.helse-vest.no/no/FagOgSamarbeid/forskning/Sider/Infrastruktur.aspx</p> <p>Sidestatistikk frå Helse Vest tyder på at søkemotoren er lite brukt. Institusjonane vert oppmoda om å formidle informasjon om søkemotoren slik at den vert gjort kjent og tatt i bruk.</p>
Sak 17/2015	Orienteringssaker
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Samordna praksis for budsjettering (TDI-modellen) 2. Rapport frå KD si ekspertgruppe om finansieringsmodell for UoH-sektoren. Dag Rune Olsen og Robert Bjerknes orienterte kort om rapporten og oppfølginga av denne. 3. Endring av prosjektleiar i den strategiske satsinga «Frakturregisteret i Helse Vest: en regional kunnskapsdatabase for epidemiologisk og klinisk forskning på frakturer og frakturbehandling». Ny prosjektleiar er Lars Fosse
	Eventuelt
	Ingen saker vart meldt til behandling under eventuelt.
<p>Neste møte i Det regionale samarbeidsorganet er 12. juni 2015 på Clarion Hotel Bergen Airport, kl. 10.30 – 14.30</p>	